



LINDÅS KOMMUNE

Stabsavdelinga
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 Oslo
Sendt pr. mail til postmottak@sd.dep.no

Dykkar ref. Sakshandsamar:

Inger- Marie
Nordland

Vår ref. Telefon
2012/1474 - 0 - 56 37 51 63
22417/2012

Arkivkode: Dato:
Q50 18.09.2012

Melding om vedtak

Offentleg høyring om utkast til lov om kommunalt pålegg om betalingsparkering (parkeringsloven)

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med vedtak.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland
administrasjonssekretær



Arkiv: Q50
Saksmappe: 2012/1474
Sakshandsamar: Berit Karin Bruvoll
Dato: 07.08.2012

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
123/12	Plan- og miljøutvalet	22.08.2012
89/12	Kommunestyret	13.09.2012

Offentleg høyring om utkast til lov om kommunalt pålegg om betalingsparkering (parkeringsloven)

Saka går til innstilling i plan- og miljøutvalet
Saka skal avgjerast endeleg i Kommunestyret

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

"Lindås kommune har ingen merknadar til lovframlegget."

Handsaming i plan- og miljøutvalet - 22.08.2012

I.Hindenes-H var ikkje til stades under handsaming av denne saka.

Fellesframlegg H, Krf, Ap, Frp:

Plan- og miljøutvalet stettar ikkje lovframlegget.

Grunngjevinga er at dette vil vera eit brot på den private eigedomsretten. Lovframlegget kan føra til uheldige konkurransevridingar mellom aktørar, og over kommunegrensene.

Trafikk og miljøomsyn vert regulert i planarbeid på ein tilfredstillande måte i dag.

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst, K.Gjerstad – Sp.

Innstilling i plan- og miljøutvalet - 22.08.2012

Plan- og miljøutvalet stettar ikkje lovframlegget.

Grunngjevinga er at dette vil vera eit brot på den private eigedomsretten. Lovframlegget kan føra til uheldige konkurransevridingar mellom aktørar, og over kommunegrensene.

Trafikk og miljøomsyn vert regulert i planarbeid på ein tilfredstillande måte i dag.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2012

Innstillinga i plan- og miljøutvalet vert vedteke mot 1 røyst, K. Gjerstad Sp.

Uttale i Kommunestyret - 13.09.2012

Kommunestyret stettar ikkje lovframlegget.

Grunngjevinga er at dette vil vera eit brot på den private eigedomsretten. Lovframlegget kan føra til uheldige konkurransevridingar mellom aktørar, og over kommunegrensene.

Trafikk og miljøomsyn vert regulert i planarbeid på ein tilfredstillande måte i dag.

Saksutgreiing:

Saksdokument vedlagt:

Høringsutkast – lov om kommunalt pålegg om betalingsparkering, Det kongelige samferdselsdepartementet

Saksdokument ikkje vedlagt:
Ingen dokument

Samferdselsdepartementet har sendt forslag til ny lov om kommunalt pålegg om betalingsparkering på offentlig høyring.

Vurdering:

Lovframlegget går i all hovudsak på å gje kommunane moglegheit til å pålegge grunneigarar og andre å innføre betalingsparkering med bakgrunn i trafikk- og miljøhensyn. I byområder vil lovframlegget vere meir aktuelt nå, mens det på sikt også i Lindås kan vere eit nyttig verktøy å ha for å ivareta trafikk- og miljømessige hensyn inn til sentra.